



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

**Vår dato:** 29.06.2023

**Vår ref.:** 202301693-3 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

Randi Holme, (detaljplan)

99 21 51 22, [rho@nve.no](mailto:rho@nve.no)

Jonas Mathisen, (anleggskonsesjon)

[jonm@nve.no](mailto:jonm@nve.no)

## **Haugsvær kraftverk - Høyring av detaljplan for miljø og landskap og søknad om endra anleggskonsesjon- Masfjorden kommune**

**Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke detaljplan for miljø og landskap og søknad om endra anleggskonsesjon frå Haugsvær kraft AS for bygging av Haugsvær kraftverk i Masfjorden kommune. No sender vi begge planane på høyring og ber om at merknader til planane vert sendt til NVE innan 22.08.2023.**

### **Vassdragskonsesjonen ligg fast**

Løyve til å bygge Haugsvær kraftverk er gitt i NVE sitt vedtak datert 19.04.2016. I vedtak datert 11.05.2022 ga NVE løyve til utsett byggjefrist. Ny byggjefrist er sett til 18.04.2026. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og sjølv konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring.

### **Søknad om anleggskonsesjon**

NVE ga Haugsvær Kraft anleggskonsesjon til nettilknytning av Haugsvær kraftstasjon i 2016. Konsesjon gjaldt ein 260 meter lang jordkabel frå kraftstasjonen, og tiltakshavar hadde avtale med BKK om nettilknytning av kraftverket. Haugsvær Kraft kontakta BKK for å bekrefte avtalen om tilknytningen av kraftverket etter at NVE ga løyve til utsett byggjefrist. BKK bekreftar at det framleis er nettkapasitet, men at tilknytingspunktet må endrast.

Haugsvær Kraft søker no om konsesjonen for nettilknytning av Haugsvær kraftstasjon.

Haugsvær Kraftverk søker om løyve til å byggje:

- Ein om lag 900 meter lang 22 kV jordkabel frå kraftstasjonen til tilknytingspunkt på BKKs eksisterande leidning, sjå figur. Kabelen skal leggjast i røyrgatetraseen til kraftstasjonen
- Ein generator med yting 2 MVA og spenning 0,69 kV
- Ein transformator med yting 2 MVA og omsetning 0,69/22 kV
- Nødvendig høgspenningsanlegg

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



### Kva ønskjer vi tilbakemelding på?

Gjennom høyring av søknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider [www.nve.no/4390/A](http://www.nve.no/4390/A).







## Detaljplan for miljø og landskap

### Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?

25.05.2023 mottok vi søknad om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap. Detaljplanen som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å bygge det konsesjonsgitte anlegget. Bygging av anlegget er underlagt offentlig tilsyn. Det er NVE som utøver tilsynet og jf. post 4 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.

### Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Det har gått meir enn eitt år sidan Haugsvær kraftverk fekk konsesjon, og difor sender plan for landskap og miljø på avgrensa høyring for å fange opp eventuelle endringar i kunnskapsgrunnlaget.

Detaljplanen er tilgjengeleg på NVE sine nettsider: [www.nve.no/6267/V](http://www.nve.no/6267/V).

Vi ber høyringspartane om å uttale seg om relevante tema innfor dykkar forvaltningsområde og behov for særskilde løyve eller dispensasjon innfor regelverk som de forvaltar.

*Masfjorden kommune:* Nye relevante opplysningar om arealet som er planlagt teke i bruk. Vi viser særskilt til opplysningane om kommunen sine planar om å etablere kommunale vass- og avløpsrør i samarbeid med Haugsvær kraft AS. Traséen for vassvegen er justert i midtre del i høve til det som var skildra i konsesjonssøknaden. Vi ber og om eventuelle merknader til dette.

*Statsforvaltaren i Vestland:* Nye forhold knytt til anadrom laksefisk, trua og sårbare artar, innlandsformer av laks og verneverdige bestandar av storørret. Vi ber og om ei vurdering av avbøtande tiltak for mogeleg førekomst av ål som er skildra i detaljplanen. Traséen for vassvegen er justert i midtre del i høve til det som var skildra i konsesjonssøknaden. Vi ber og om eventuelle merknader til dette.

*Vestland fylkeskommune:* Eventuelt nye opplysningar om kulturminne i tilknytning til planområdet som ikkje er avklart i konsesjonsprosessen. Forholdet til friluftsliv, forvaltningsplanar og andre regionale planar som ikkje er avklart i konsesjonsprosessen. Traséen for vassvegen er justert i midtre del i høve til det som var skildra i konsesjonssøknaden. Vi ber og om eventuelle merknader til dette.

Konsesjonæren har ansvar for å avklare privatrettslege forhold med alle som har rettar i området, og for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida tek til.

### Forholdet til plan- og bygningslova

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnatekne frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal vere avklart i forhold til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi



dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova, jf. lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

## **Frist for fråsegn er 22.08.2023**

Send fråsegna til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no), og merk henne med «Fråsegn» og saksnummer 202301693 i emnefeltet.

Som del av NVE si handsaming vert fråsegner, eller deler av fråsegner, referert i utgåande brev. Dersom ho er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Uttalar er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.

### **Informasjon til tiltakshavar**

NVE ber dykk om snarast å sende brevet med vedlegg til grunneigarar/rettshavarar. NVE ber om ei stadfesting på at orienteringsbrevet er sendt, med opplysning om dato for utsendinga.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

Randi Holme  
senioringeniør

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

### **Mottakarliste:**

STATNETT SF

MASFJORDEN KOMMUNE

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest

TELENOR NORGE AS

BKK AS

TeliaSonera Norge AS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

### **Kopimottakarliste:**

Kleppconsult AS

HAUGSVÆR KRAFT AS